

# **TRIVSEL OG OPPFØRSEL PÅ STORD UNGDOMSSKULE**

## **reglar for meg og deg**



**”ein god skule – mitt ansvar”**

*Alle har rett til eit godt lærings- og arbeidsmiljø som fremjar læring, helse og trivsel.  
Me må visa respekt og toleranse for kvarandre.*

- *Skuleområdet er ein utfordring for oss denne perioden der me ventar på ny skule. Arealet avgrensa av bygningane me nyttar blir vårt skuleområde enn så lenge, altså området mellom adm.brakker, elevrigg, Stord vidaregåande og paviljongen me nyttar.*

### **Innleiing.**

Ordensreglane for Stord ungdomsskule er tufta på gjeldande lover og forskrifter. jf. opplæringslova.

### **§ 2-9. Ordensreglement og liknande.**

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskulen. Reglementet skal gje reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalda reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunna brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåtar når slike saker skal behandlast.

Dette reglementet er under omarbeiding dette skuleåret både sentralt i kommunen og lokalt ved skulen. Nærare informasjon om dette vil koma på nettsida til skulen når nytt reglement er klart.

### **Kap. 9a. Elevane sitt skulemiljø.**

Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### **Eg har rett til:**

- ☺ Å bli møtt med respekt og toleranse
- ☺ Eit skulemiljø der det er nulltoleranse for mobbing
- ☺ Eit godt lærings- og skulemiljø der eg får nødvendig arbeidsro og høve til å bruka evnene mine
- ☺ Tilgang til oppdaterte læremiddel
- ☺ Å få ha tinga mine i fred
- ☺ Eit reint og ryddig skuleområde
- ☺ Eit helsefremjande miljø utan røyk, snus og andre rusmiddel

### **Eg har plikt til:**

- ☺ Å møta andre med respekt og toleranse
- ☺ Bidra til at alle får eit godt lærings- og skulemiljø
- ☺ Å seia i frå viss nokon vert plaga eller mobba
- ☺ Å la andre sine ting vera i fred
- ☺ Å følgja dei reglane som gjeld for bruk av datautstyret ved skulen
- ☺ Å arbeida for eit triveleg miljø både ute og inne.
- ☺ Å møta presis og godt førebudd til timane med nødvendig utstyr
- ☺ Å halda meg røyk-, snus- og rusfri på og i nærleiken av skulen
- ☺ Å ta vare på alt som tilhøyrer skulen t.d. inventar, utstyr, skulebøker m.m.

### **På skulen vår aksepterar me ikkje:**

- ☺ At nokon vert plaga eller mobba
- ☺ Leik som kan skada andre
- ☺ Fusk og forsøk på fusk på prøvar og innleveringar
- ☺ Ugyldig fråvær.
- ☺ Forstyrrande bruk av mobiltelefon, kamera og musikkspelarar

### **Konsekvensar for uønska oppførsel:**

- Munnleg/skriftleg advarsel frå kontaktlærar.
- Munnleg/skriftleg advarsel frå rektor, med melding til heimen
- Heimen vert kontakta og føresette involvert

### **Aktuelle tiltak :**

- Eleven får høve til å ordna opp og be om orsaking under tilsyn av lærar.
- Fusk eller forsøk på fusk fører til at eleven får karakteren 1 på prøven/innleveringa. Føresette vert informert og eleven vil kunna få nedsett karakter i orden.
- Bli fjerna frå elevgruppa slik at medelevar får arbeidsro.
- Utstengt frå skulen sitt datanettverk.
- Beslaglegging av ulovleg utstyr og rusmiddel
- Forstyrrande mobiltelefonbruk i timen – mobilen vert inndregen resten av dagen. Foreldre vert informert.
- Du må møta før eller etter skuletid for å utbetra pålagt oppgåve, som for eksempel retta opp skadar påført skulen sin eigedom.
- Krav om erstatning for skadeverk. Føresette er erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova § 1-2.
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd
- Bortvisning frå skulen i inntil tre skuledagar. (Opplæringslova § 2-10). Før rektor tek ei slik avgjerd, skal eleven ha høve til å forklara seg og rektor skal ha rådført seg med faglærar/kontaktlærar. Føresette vert informert og skal få høve til å uttala seg.

## **Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Forskrift til opplæringslova § 3-5.**

Den vurderinga skulen gjev av orden og åtferd, skal haldast skild frå det reint faglege. Det skal takast omsyn til kva føresetnader eleven har.

Det skal til vanleg ikkje leggjast avgjerande vekt på einskildhendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klandreverdig eller grov.

Det kan stundom vera vanskeleg å vita kva som kjem inn under karakterane i orden og åtferd. Her er eit rettleiande oversyn:

### ***Dette vert vurdert under orden:***

- kjem for seint
- gløymer bøker, gym-tøy, arb. materiell
- leverer ikkje arbeid i rett tid
- slurv i arbeidet (kan betre)
- kastar papir/avfall på skuleområdet
- generell dårleg orden, i arbeidsbøker etc.
- fråver utan grunn
- arbeidsinnsatsen på skulen
- forstyrrende mobilbruk

### ***Dette vert vurdert under åtferd:***

- uroar i timane, øydelegg arbeidsro
- uhøvisk åtferd, t.d. svarar frekt
- snakkar usant
- mobbing/plaging av andre
- negativ omtale av andre

## **Sakshandsaming ved refsingstiltaket ”Bortvisning”.**

Dersom ein elev har gjort seg skuldig i regelbrot som fører til bortvisning frå undervisninga skal sakshandsaminga følgja ordlyden i opplæringslova §2-10. Her står det m.a.:

*Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8 – 10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet , kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar... ”.*

Rektor si fullmakt til å gjera enkeltvedtak etter opplæringslova går fram av Stord kommune sitt delegasjonsreglement kap 2.5 pkt2.5.1..

Grunngjeving, sjå fvl. § 25: Vedtaket og grunngjevinga for dette byggjer på dei faktiske opplysningane og på den faglege vurderinga som går fram av saksutgreiinga.

Ei sak om bortvisning av ein elev er eit enkeltvedtak og gjev med det elev og føresette høve til å klaga på vedtaket, jf. fvl. § 28. For vedtak etter opplæringslova er det Fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans. Eventuell klage skal sendast *skulen* som har gjort vedtaket. Dersom skulen opprettheld vedtaket sitt, blir klagen sendt frå skulen til Fylkesmannen i Hordaland saman med saksdokumenta for endeleg handsaming.

Dersom du ønskjer det, kan du få hjelp av skulen eller eventuelt Kundetorget til å skriva klage. Forvaltningslova § 32 har nærmare krav om klagen sin adressat, form og innhald.

### **Innsynsrett, jf. Fvl. §§ 18 og 19.**

Du har rett til innsyn i dei saksdokumenta som ligg til grunn for dette vedtaket. Dersom du ikkje er kjent med innhaldet i dei nemnde dokumenta og ønskjer å få utskrift av desse, kan du ta nærmare kontakt med skulen.

Ordensreglane er vedtekne i samarbeidsutvalet 1. november 2010.

Anne Sissel Mugaas (rektor)